

SISTE INDRE

***Med ynskje om ei
velsigna adventstid***



Gå, Sion, din konge i møte

Overskriften for denne leder er henta ut fra en sang som synges mer i vårt naboland i øst, Sverige, enn vi synger i Norge. Det er en adventssalme med en flott melodi og tekst skrevet av Erik Nyström. I sitt innhold er den både en advent- og en påskesalme. Denne teksten utfordrer oss: "Gå, Sion, din konge i møte.."

Adventstiden står nå foran oss igjen. I mange tilfeller opplever vi på ulike måter disse ukene før jul slik; at vi nærmest drar inn pusten den første søndag i advent og kan først slippe den ut og slappe litt av når julen er over.

Man skal delta på juleavslutninger, julekonserter, kjøp av julegaver, baking og pynting og gjerne en reise til de en skal feire julen sammen med.

Og for oss som er ansatt i ImF Rogaland er denne førjulstid hektisk med stor aktivitet på Ognatun og i krets.

Jeg vil anbefale oss alle, i denne hektiske tid som ligger foran oss, at vi hver søndag i advent henter frem nettopp den omtalte sang. Den vil ramme inn adventstiden på en flott måte for oss

Det første vers er oppfordringen om å ta tid til et møte med Jesus:

**"Gå, Sion, din konge i møte,
Jerusalem, gled deg i Gud!
Strø palmer med fryd for Messias,
og vær som den ventende brud."**

Adventstiden minner oss om et budskap som har kraft til å forandre liv: «Se, din konge kommer til deg» (Sak 9,9). Ordene er hentet fra profeten Sakarja og gjentas i evangeliene når Jesus rir inn i Jerusalem på et esel (Matt 21,5; Joh 12,15). Det er et bilde som utfordrer våre forestillinger om makt og storhet. Vi forventer ofte at en konge skal komme med pomp og prakt, men her møter vi en konge som velger ydmykhetens vei. Det er Han som ber om et møte med oss! Har vi plass til det i vår kalender i kommende dager? Det andre vers er julens sterke nådebudskap:

**"Han kommer fra evige gleder,
forlater sin stol av krystall,
sin ære i lysets palasser,
og legges på halm i en stall."**

Det tredje og fjerde vers er påskens begivenheter fra palmesøndag til oppstandelse:

**"Han kommer og bringer et offer
for deg på det blodige tre,
han dør for vår syndige verden,
rettferdighet bringer han med"**

**"Han kommer fra graven med bytte,
og sollys i natten blir tent.
For døde som slummer i graven,
er tiden i tausheten endt."**

Denne kongen kommer ikke for å herske med makt, men for å tjene (Mark 10,45). Han kommer ikke med våpen, men med fred: «Han skal tale fred til folkeslagene» (Sak 9,10). Han kommer ikke for å kreve, men for å gi – sitt liv for oss (Joh 10,11). Det er et radikalt budskap i en tid hvor styrke og selvhevdelse ofte settes høyst.



Det femte har fokus på han som kommer igjen:

**"Han kommer til sørgende hjerter
og gjenreiser det som var falt.
Han kommer i makt og skal herske
til Gud er i alle blitt alt."**

«Han kommer til sørgende hjerter» – det er en oppfordring til å løfte blikket. Midt i hverdagens jag og uro, midt i verdens konflikter og bekymringer, kalles vi til å se ham som bringer håp. Advent er en tid for å åpne hjertet, for å la kongen få komme inn – ikke bare i historien, men i våre liv (Åp 3,20). Vår norske konge, Harald, har nå bare fire kommuner igjen å besøke, så har han og dronningen besøkt alle landets kommuner. Kong Jesus kommer til alle hjem, med ønske og bønn om å bli lukket inn. La koret i denne salmen være vår hyllest til Han som kom, som er og som kommer:

**"Vær glad, vær glad!
Ja, gled deg i Herren din Gud!
Vær glad, vær glad
og syng for din Konge og Gud!"**

God advent



Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjøhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80
Nettside: imfrogaland.no
E-post: rogaland@imf.no

Direktenummer:
Anne Berit Aarsland 977 67 073
Terje Slettebø 51 79 38 80
Anne Birgitte Auestad 920 90 232
Gina Ueland 478 70 409

Kretsleiar
Johan Halsne
Tlf 906 42 479

Kretsstyreleder
Kari Helen Garheim
Tlf 975 74 550

Bankgironr.
8220.02.80101
v:pps # 21841

SISTE INDRE
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjons-
forbundet
Kjem ut 4 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Terje Slettebø
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

OGNATUN
Mjøhusvegen70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer
51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Henriette Holta
Tlf. 51 79 38 88

En stor glede – en glede for alt folket

Det nærmer seg jul, og forhåpentligvis er det med glede vi ser frem til høytiden som samler familiene til fellesskap. Det er gode ord som dukker opp når jeg tenker på jul; glede, fred, fellesskap, forventning, lys og varme. Det er godt å kjenne på glede som er den gode følelsen av lykke, tilfredshet og velvære. Vi har mange grunner for å glede oss, men den dypeste gleden i julehøytiden handler om Jesus som kom til jorden for å gi oss frelsens gave, den aller beste gaven.

«Gled dere i Herren alltid! Igjen vil jeg si: Gled dere! La alle mennesker få merke at dere er vennlige. Herren er nær!» Fil 4.4-5

Verset er kjent og ofte sitert, men jeg må innrømme at jeg har strevd litt med det, og egentlig ikke likt verset så godt, hvert fall ikke de gangene jeg har kjent meg «nede». Når livet gjør vondt, og man heller har behov for bekreftelse og forståelse for det som er tungt, er det vanskelig å finne gleden. Likevel kan dette verset om glede dukke opp. Da er det godt å løfte blikket bort fra egne problemer, og i stedet se på Jesus og det han har gjort for oss. Paulus skrev dette mens han satt i fengsel, og det sier noe om at det handler om en dypere glede som ikke avhenger av omstendighetene. Det er så godt å få se at det ikke handler om min følelse eller min egenproduserte glede. Gleden handler om Jesus og hva han har gjort for meg. Det er godt å ha Jesus som grunnmur, som fundament å bygge livet på. En grunnmur som holder i all slags vær, til alle tider, fordi:



Bente Roth

«Så er det da ingen fordømmelse for den som er i Kristus Jesus». Rom 8.1

Det gode budskapet som englene sang ute på Betlehemsmarkene er like viktig nå som da: I dag er det født dere en Frelser! Frelseren er Jesus, og han vil sette oss fri. Derfor kom han til jorden, tok på seg all vår synd, naglet det til korset og åpnet himlenes vei. Vi har virkelig grunn til å juble og glede oss!

«Du har gitt meg glede i mitt hjerte, større enn den de andre har når de har overflod av korn og most». Salme 4.8.

Måtte vi alle eie denne gleden i hjertet som gir oss fred, trygghet og håp.

Positiv tendens i økonomien

Rekneskapen ut oktober for ImF-Rogaland viser eit underskot på 654 000 kr. Dette er 185 000 betre enn på same tid i fjor. Det er også 146 000 over budsjettet som for denne tida på året som viser eit underskot på 800 000 kr. For 2025 har ImF-Rogaland budsjettert med eit underskot på kr 170 000.

Det betyr at slik den økonomiske utvikling er kan vi med ein god økonomisk avslutning håpe på balanse i rekneskapen for 2025. Samanliknar vi med fjoråret, er inntektene så langt i år 3 628 000 mot 3 435 000 på same tid i fjor. Utgiftene er på 4 315 000 mot kr 4 305 000 på same tid i 2024. På inntektssida merkar vi oss at foreiningsgåvene er stabile, og større personlege einskildgaver aukar dei personlege gåvene.

På utgiftsida er lønnsutgiftene auka med med. 13%. Dette skildest både lønnsvekst og at stillingane i kretsen er betre bemanna enn i 2024.

Nå er det slik at november og desember alltid er viktige og avgjerande for inntektene til ImF-Rogaland. Desse to månadane blir også svært avgjerande i år. Og her er to konkrete måtar vi alle kan bidra for å kome i balanse fram til nyttår.

Den 02. des. er det julemarknad på Ognatun og der har vi eit stort hovudlotteri. Kr 20 pr lodd. Du kan kjøpe lodd på dette lotteriet ved å sende pengar på Vipps til 62 08 89 og vi skriv lodd på deg. Du er også velkomen til å delta på Julemarknad 02. des. kl. 17.00-20.00 på Ognatun.

Ein god julegave til ImF-Rogaland i år vil og vera til stor hjelp for økonomien. Alle abonnentar på Siste Indre vil å tilsendt «Julegåvegiro». Bruk den eller vipps din julegave på 21841, merk julegave.



Hjarteleg takk for all økonomisk støtte og omtanke til ImF-Rogaland og Ognatun.

For kretsstyret, Terje Slettebø, administrasjonsleiar.

Flott jubileumshelg på Ognedal

Det var med både ekstra spenning og forventning turen gjekk til Ognedal bedehus søndag kveld 26. okt. Ognedal Indremisjon er i år 100 år, og denne helga skulle dette markere med fleire arrangement. For ein som hadde sin barndom/ungdom på dette bedehuset var det ei æra å få delta på jubileet og ekstra kjekt å treffa igjen fleire som ein hadde vokse opp saman med på bedehuset.

► Av Terje Slettebø

Sprengfullt hus

Signe Egeland som leia jubileumsfesten starta med å fortelja om arrangementa som hadde vore laurdagen. På dagtid hadde det vore konsert med Bjerkreim barnekor, over 80 framkomte og sprengfullt bedehus. På laurdagskvelden hadde det vore samling for ungdommane, der 6 ungdommar møtte fram. Anne Birgitte Auestad frå ImF-Rogaland, som hadde andakt på desse to samlingane, seier at ho også opplevde samlinga for ungdommane som veldig fin sjølv om dei var få.



Reidar Røyland hilsar frå ImF.



SongZ gleder forsamlinga med flott song.

Rettferdig ved tru

Formann i Ognedal Indremisjon, Leif Laksesvela, helsa dei omlag 45 framkomte på jubileumsfesten med orda i Rom 8, 24-28 og understreka at vi menneske blir frelst, rettferdig ved tru og ikkje gjerningar.

Frå skule til Bedehus

Tidlegare formann i indremisjonsforeininga, Oddvar Slettebø, hadde eit historisk tilbakeblikk. Ognedal Indremisjon vart stifta 27. januar 1925. Bakgrunnen for foreininga var at ein ynskja meir møter med omreisande predikantar. Første året vart det tillyst 68 møter. Bedehuset på Ognedal var skule for krinsen før det i 1963 vart overtatt av Ognedal Indremisjon til Bedehus. På huset har det vore møter opp gjennom tida for alle organisasjonane, og kommunen har nytta huset når dei hadde bruk for dette som t.d. stemmelokale ved val. Søndagsskule og anna barnearbeid har også vore eit viktig tilbod. Huset og arbeidet på det har fått betydd mykje for det kristne arbeidet i Ognedal kretsen.

SongZ

Jubileumsfesten vart løfta musikalsk av mannsgruppa SongZ, dei både leia allsongen og song for festforsamlinga. Framføring og innhald av ypparste kvalitet, verkeleg til å bli velsigna av!

Sikker grunnvoll

Sjølv hadde eg fått utfordringa med å forkynna Guds ord denne jubileumskvelden. For meg vart det naturleg å vitne litt om at budskapet eg fekk med meg frå søndagsskule og møter på 70 talet, er ein budskap som har stått seg og vore ein sikker grunnvoll å byggja livet på i medgang og motgang. Den djupaste meining i livet finn ein når ein får

leva i nær relasjon med sin skaper Gud. Trua og vår frelse sin grunnvoll ligg utanfor oss sjølv, vi skal få setja vår lit til Jesus som er vår offergåve gitt av Gud. På dei vonde og vanskelege dagane går Jesus med oss og bær oss. Og i trua på Jesus kan vi sjå fram til vårt heimland himmelen.

Festmåltid

Eit festmåltid var også med å understreka at vi fekk vera med på ei viktig markering for eit arbeid som betyr mykje. Flotte og velsmakande smørbrød vart servert og på kjøkken stod festkaker oppleina til å forsyne seg av.

Guds tempel

Nyvalt formann i ImF (på landsplan), Reidar Røyland avslutta festen med å helsa frå ImF og minna om dei store perspektiva. Som ei lokal lita indremisjonsforeining er alle ein viktig del av det store fellesskapet i ImF, ikkje minst gjennom økonomisk støtte og omsorg for mellom anna Bibelskolen på Bildøy og Lyngdal bibelcamp. Vi er alle med å byggjer og er delar av Guds tempel her på jord.

Jubileumsgåve

I løpet av jubileumshelga kom det inn kr 24 455 gjennom loddsal, sal av mat på konserten laurdag og jubileumsgåve på festen. ImF-Rogaland takkar hjarteleg for dette flotte bidraget.

Refleksjonar

På veg heim igjen etter ein innhaldsrik og vellykka 100 års markering vart det tid til nokre refleksjonar. Takknemleg for det miljøet ein fekk vera ein del av i oppveksten. Takknemleg for alle som har stått trufast på i tenesta i desse 100 år. Hundre år er lenge, tidene endrar seg, arbeidsformer i Guds rike endrar seg. Gud er den same, han er trufast.



Forsamlinga på ny Ljosheim bedehus.

Ei veksande fleirgenerasjonsforsamling

For nokre år sidan var Ljosheim Bedehus på Sevlandsvik på Harmøy i så dårleg forfatning at nybygg var beste alternativ. Arbeidet med nytt hus har skap ein ny giv i arbeidet.

- Tekst: Terje Slettebø
- Foto: Johan Halsne

Formann for bedehuset, Svein Tore Mannes fortel til Siste indre, at dei har stor aktivitet på det nye huset. Barnearbeid, konfirmantundervisning, bønnemøte, uformell samling «Drøseplassen», samling for ukrainarar og møtehelger ein gong i månaden. Høgdepunktet er samlinga søndag føremiddag som er for alle generasjonar. Her har dei tatt i bruk Awana-opplegget som dei opplever både krevjande og gjevande. Mannes fortel at dei opplevde at arbeidet på bedehuset var veldig oppsplitta i grupper og at dei hadde eit ynskje om å få til ei storsamling for heile familien. Dei såg også rundt seg i byggefelta i nærområdet at det blei stadig fleire barnefamiljar. Difor satsa dei på ei samling søndag føremiddag som skulle vera for alle generasjonar, og ei slik samling har dei så godt som alle søndagar. Med denne satsinga opplever dei ein jamn vekst i arbeidet. Det nye bedehuset har blitt eit godt verktøy som dei gler seg over. Huset er



Forsamling for alle generasjonar.

større og meir tenleg for mange ulike samlingar og har ein møtesal som kan samle 240 personar. Nå vurderer dei å danne forsamling, dei er i ein prosess og vurderer dette, men konklusjonen ligg endå eit stykke fram i tid.

Leir vinteren 2026 på Ognatun

Ogna Misjonsforsamling
din lagsleir - ein leir for
Ogna skulekrets
6.-8.feb
2.-7.kl

Fellesleir for Undheim,
Lye og Tmebygda
30.jan - 1.feb
2.-7.kl
(yngre må melda seg
på saman med ein
vaksen følgjerson)

Lagsleir Bjerkreim
20.-22.mars
2.-7.klasse

Påskeleir
10.-12.april
2.-7.klasse

<https://imfrogaland.no/ulike-leirer/>



Det nye bedhuset i Veavågen.

Nytt Bedehus i Veavågen

Bedehusforsamlinga på Veia (ImF/ NLM) byggjer i desse dagar nytt bedehus til 43 mill. kr. Forsamlinga er veksande og har over 700 medlemmar med smått og stort. Første etasje har ei grunnflate på 1380 kvm, 2. etasje er på 260 kvm.

- Foto: Johan Halsne
- Tekst Terje Slettebø

Etter ein lenger planleggingsperiode starta arbeidet med planering av tomte hausten 2023. Elementa kom på plass i april -24. Det blir lagt ned ein enorm dugnadsinnsats i arbeidet. Formann i byggekomiteen, Arnt Helge Fidjeland, fortel at dei reknar med å passere 10 000 dugnadstimar før huset står ferdig. Om lag 130 personar er med på dugnaden frå januar i år. Dugnadsarbeidet blir organisert med 4 skiftlag som arbeider 2 dagar og deretter har fri 6 dagar. I tillegg kjem pensjonistar og turnusarbeidar som stiller på dugnad på bedehuset på dagtid på kvardagar.

Fidjeland understrekar at miljøet på dugnadane er heilt fantastisk. Det er viktig at det er kjekt på dugnadane og dei legg også opp til at det er sosialt med mat og kaffi. Også folk som ikkje går fast på møter på bedehuset stiller på dugnad.

Forsamlinga har tatt opp banklån på kr 25 millionar, resten av finansieringa er gjennom frivillige gaver. Pr i dag har dei fast gjevar-teneste til det nye bedehuset på kr 185 000 pr. mnd. Forsamlinga ser fram til å få eit nytt bedehus tilrettelagt og med plass for samlingar for alle aldersgrupper. Går arbeidet slik dei tenkjer nå, vil dei kunna ta i bruk huset til påsken 2026.



Frå v. Leif Jakobsen, Arnt Helge Fidjeland og Geir Steines.



Rudolf Fredly.



Mat og kaffi høyrer med på dugnad.



Reidar Røyland overtar etter Gabriel Pollestad.

Reidar Røyland ny formann i ImF

På generalforsamlinga til ImF 20. sept. vart Reidar Røyland, Sandnes, valt til ny formann i ImF. Han overtar etter Gabriel Pollestad, Nærbø. Veldig kjekt for ImF-Rogaland å kunna vera representert i ImF sentralt med så gode og dyktige medarbeidarar.

Terje Slettebø

STJERNEDRYSS I ADVENTSTID

Onsdag 3. desember	Tau bedehus
Fredag 5. desember	Vea bedehus
Lørdag 6. desember	Bygdutunet Langevåg
Søndag 7. desember	Brusand bedehus
Tirsdag 9. desember	Kvitøy bedehus
Onsdag 10. desember	Furutangen Misjonssenter
Fredag 12. desember	Moi bedehus
Lørdag 13. desember	Bjerkreim bedehus
Søndag 14. desember	Betania Haugesund

SOMMERVEKE PÅ OGNATUN 21.-26. JULI 2026

Bibeltimer og kveldsmøter

Mye sang og musikk

Bareopplegg frå torsdag til søndag

Aktiviteter på dagtid

Overnatting på Ognatun

Meir info kommer!

Velkommen til Ognatun!



På besøk til Miniyngres og Yngres på Hellvik

Annankvar fredag er det Yngres og Miniyngres på Hellvik Bedehus. Yngres (5.-7. kl.) er frå 17-18.30 og Miniyngres (1.-4.kl.) er frå 17.20-18.30

► Tekst og foto: Anne Birgitte Auestad

Denne fredagen møter Yngres-gjengen opp i hallen for å ha aktivitetar der.

Vi startar med samling med lovsang, andakt og bønn. Det er ca. 13 stk. som har møtt opp i dag, litt mindre enn vanleg. Når dei går inn i hallen for å ha kanonball og fotball, går eg ned til bedehuset for å ha andakt for barna på Miniyngres.

På Miniyngres er det ca. 16 barn som har møtt opp. Vi har samling med sang, bønn og andakt. Dei samlar også inn pengar til eit misjonsprosjekt. Etter samlinga leiker vi litt, og nokre lager papir spå. Til slutt kosar vi oss med nysteikte vaflar.

Yngres-gjengen har også kome ned frå hallen til nysteikte vaflar oppe i møtesalen. Eg tar ein runde på borda hos dei og spør kvifor dei går på Yngres



Mat smaker alltid godt på Yngres.

Melvin: Kjekt når vi får være i hallen.
Marius Nikolai og Emma: Lære om Jesus og Gud.
Ole Johan og Maria: Får høyre frå Bibelen, og

historier om Jesus
Tage: God mat.

Eg opplever det veldig gildt å få besøke desse to laga og den gode gjengen med leदारar som driv dette.



Kjekt med aktiviteter i hallen.

Velkommen!

Program

Fredag
Kl. 17:30 Innsjekk
Kl. 18:00 Pastasalat m/tilbehør
Kl. 19:30 «Hverdagsgull» møte
Kl. 21:00 Friday feeling!

Lørdag
Kl. 09:00 Frokost + Ord for dagen
Kl. 10:00 Bibeltime
Kl. 12:00 Lunch
Kl. 13:00 Luftetur (klær etter været)
Kl. 15:00 Mellommat
Kl. 15:30 Bibeltime
Kl. 18:00 Middag
Kl. 19:00 Delekveld

Søndag
Kl. 09:30 Frokost + Ord for dagen
Kl. 10:30 Avslutningsmøte
Kl. 13:00 Middag
Takk for denne gang 🍷

Priser:
Standar 2 550,-
Enkeltrom 3 070,-
Studentpris 2 250,-
Dagtid 1400,-
Påmeding:
Checkin.no

Taler: Oddvar Søvik .

DAMEHELG OGNATUN

16. - 18. JANUAR 2026

God forkynnelse - lovsang - sosialt - bønn
samtale - veiledning - påfyll - egentid
velvære - fornyelse - frihet - utrustning
ransakelse - forbønn.

Ognatunbasaren



Husets trekkspillklubb.

Torsdag 25. september var den årlege Ognatunbasaren. Marianne Berge hadde andakt og Trekkspillklubben deltok med song. Vi fekk først ein fin møtedel saman der vi vart velsigna av tale og song. Det var fullt hus på Ognatun denne kvelden, og loddsalet gjekk svært bra både på åresalet og hovudrek-

ninga. Tilsaman fekk Ognatun inn kr 210 000 denne kvelden. Hjarteleg takk til alle som støtta opp om Ognatun på denne fine måten. Og spesielt takk til Ognatunforeininga for gjennomføringa av basaren.

Terje Slettebø



Marianne Berge.



Hovudlotteriet.

Kvinneweekend 6.-8. mars 2026 på Ognatun.

Talarar:

Rita Åsen og Eli Fuglestad



Song av Karen Årsvold



- Velkomen til åndeleg og sosialt fellesskap
 - Festkveld
 - Utlodding
- Pris kr 2465, einerom kr 2985

Påmelding på ImF-Rogaland si nettside: imfrogaland.no eller tlf. 51 79 38 80

Påmeldingsfrist 16. febr.

Tilstede for nye generasjoner

ImF Rogaland har drevet mentorarbeid siden 2019 og har drømt om at vi kunne skaffe mentorer til ungdom. Siden oppstart er det flest voksne som har tatt kontakt og ønsker seg en åndelig mor/far. Eterspørselen har vært så stor at vi ikke har fått tid til å aktivt gå ut og reklamere for dette arbeidet. I 2023 kunne vi også tilby sjelesorg til de som ønsket det. Så nå tilbyr vi både mentoring og sjelesorg. Pågangen er stor. Dermed har vi måttet utvide med enda flere sjelesørgere og mentorer.

Da jeg i august hørte Andreas Norli og Ann Helen Sperrud utfordre oss som generasjon X til å være der for generasjon Z, inspirerte det meg til å skrive dette innlegget i Siste Indre. Disse punktene jeg nå skrive er hentet fra deres undervisning:

Generasjon Z - Født 1997-2012

- 97% vil ha kontakt med andre voksne. De tenker -hvorfor skal jeg leve som om ingen andre har levd før meg. De henger med foreldrene sine og spør etter deres tid. De ønsker ikke at vi skal gi dem deres stafettpinne, men at vi løper sammen med dem. De spør etter mentorer.

-Generasjon Z har fokus på seg selv. De debutterer senere seksuelt, drikker mindre, og vet at de havner på sosiale medier dersom de gjør noen sprell. De bryr seg om sin psykisk helse. De trenger at det er voksne til stede. De trenger tryggheten din.

- De venter på at vi som er eldre skal ta initiativ og tilby å gå sammen med dem.

- Generasjon Z deler troen sin på eget initiativ.

- De kan ikke bare ta imot tilgivelse. De føler de må ta noen strafferunder først.

- De har ett bevisst forhold til skam. Skammen er koblet til tilhørigheten. De trenger at noen sier til dem at de «hører til».

- De setter kun ord på ting du har turt å sette ord på, for da vet de at du tør å høre dem si det de skammer seg over.

- De er på jakt etter hele livet ditt. Ikke plent solskinnshistoriene, men også feil. Ekte liv.

- De lukter falskhet lang vei.

2020 tallet er det tiåret der flest unge mennesker vender seg til Gud.

Grunnen til at vekkelsen stoppet i slutten på 70 tallet var at de ikke klarte overgangen fra å gå «all inn» som singel og det å gå «all inn» som familie.



Samtalene med min mentor hjelper meg til å vokse både åndelig og menneskelig ved at hun deler av sin livsvisdom, ansvarliggjør og inspirerer meg, seier Eli Lerbrekk.

Generasjon X - Født 1965-1980

-Vi i Generasjon X åpner rommet ved å bare være til stede.

-Vi må tåle livene deres.

-Vi lever ikke bare for oss selv, men for generasjonene etter oss.

- Det vi gir verdi, der vil vårt hjerte være.

- Det som er vaner for oss blir våre barns verdier.

Da jeg hørte dette tenkte jeg at det Samtaletilbudet vi driver fungerer så bra, at vi må jobbe for å nå ut til enda flere. Kaller Gud deg til å være mentor (åndelig mor/far) for noen som er yngre enn deg? Jeg drømmer om voksne som melder seg til å gå sammen med noen som er yngre enn seg selv. Noen som kan lytte, tørre å stille spørsmål, hjelpe de unge til å se ting i ett nytt perspektiv og som kan dele sin livserfaring med andre som gjerne står midt i det du selv har opplevd. Jeg drømmer også om en koordinator som møter mye ungdom. En person som kan nå ut til ungdommen og fortelle at «vi har voksne som ønsker å gå sammen med deg». Min 60% stilling er ikke stor nok til å ta tak i dette. Men er du der ute som brenner for at ungdommen skal få en voksen å gå sammen med, er jeg interessert i å høre fra deg.

Les mer om vårt Samtaletilbud her: QR-kode Vil du vite mer hva dette går ut på, ta gjerne kontakt med meg:

Anne Berit Aarsland
Sjelesorg- og Retreatleder
ImF Rogaland
Tlf: 97767073

SAMTALETILBUDET
MENTORING & SJELESORG

MENTORING
SAMMEN MED EN ÅNDELIG
MOR/FAR BLIR DU STØTTET OG
UTFORDRET I DITT LIV
SAMMEN MED JESUS.

SJELESORG
SAMMEN MED EN KRISTEN
SJELESØRGER FÅR DU REFLEKTERE
OVER DITT LIV, DIN TRO, DINE
HÅP OG LENGSLER. DU FÅR
BEARBEIDTE TANKER, FØLELSER OG
ERFARINGER.

Booking og mer informasjon:
www.imfrogaland.no/samtaletilbudet

imf Rogaland

STØTT VÅRE ANNONSØRAR!

Trenger du regnskapsfører?

Besøksadresse:

Myrvegen 2, 4344 Bryne
Welhavensv. 19, 4319, Sandnes
Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug
(2. etasje Spar Varhaug)

Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no

www.jarok.no



Brit Ege Salongen
Tlf: 51 48 03 72

**Her kan du
annonsere!**



Vi bryr oss om bonden


ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER
Elektrofag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

ELPROFFEN

**Astor Industri
Eiendom AS**



**Kringsjø
Invistering AS**



VIGRESTAD BYGG



WWW.VIGRESTADBYGG.NO

Tlf: 958 19 505



Pål Hatteland AS
Entreprenør

Mob 99278710

Grude Gartneri
Brekkeveien 18
4353 Klepp Stasjon

bryne rør

Le Service A S



Leplanting
Hageanlegg
Kompoststrø



4362 Vigrestad

Tlf: 51 43 75 89 • Fax 51 43 66 53

Mobil: Erik: 982 46 915 • Einar: 982 46 916



BRYNE REGNSKAP

Tlf 975 25 110

Post@bryne-regnskap.no

www.bryne-regnskap.no



Tlf.: 464 22 022

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning

ROTT REGNSKAP OG RÅDGIVNING, TLF. 51 81 51 50 - WWW.ROTTREGNSKAP.NO

ROTT

Odd Narve Grude
Næringsbygg
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99

WALDELAND MASKIN

- Grusarbeid
- Transport
- Graving
- Grottpakk
- Løsløst
- Traktor
- Pressing av rundbælt
- Vintervedtøilhold
- Bortkjøring og stenging



Tlf: 90 79 61 44



JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 69, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jgunnaus@online.no



• SERVICE • DELER
• REPRASJONER

**Du finner oss
på internett
imfrogaland.no**



Returadresse: ImF Rogaland, Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg

ImF-Rogaland

JULEMARKED

Tirsdag 2. des kl. 17.00-20.00

**JULEMARKED PÅ OGNATUN
MED SALG AV MIDDAG,
JULEKAKER, GJÆRBAKST M.M..
LYNUTLODDNING OG HOVEDTREKNING**

KL. 19.00

**KONSERT MED MORTEN SAMUELSEN
KOLLEKT**

Kjøpe lodd på hovedtrekningen?
Vipps til 620889, kr 20 pr lodd,
og vi skriver lodd på deg

